

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/18	Formannskapet	PS	07.02.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Viviann Kjøpstad	14/1741

Framlegg til konkretisering av politisk medverknad i planprosessen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til den politiske arbeidsgruppa:

Formannskapet vedtek endringar i planprogrammet med nytt punkt i 4.1 Organisering, og endra framdriftsplan, punkt 4.3.

4.1: Politisk arbeidsgruppe

Formannskapet peikar ut 3 medlemmer frå Heradsstyret til den politiske arbeidsgruppa for områderegulering Lonevåg. Den politiske arbeidsgruppa skal ha god kjennskap til framdrift og utfordringar undervegs i planprosessen, gje råd til arbeidet, og vere bindeledd mellom rådmannen og styringsgruppa.

4.3: Framdriftsplan

	2017	2018			2019				
OMRÅDEPLAN LONEVÅG	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL
Oppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogram	x								
Vedtak av planprogram			x						
Medverknad eksternt	x								
Utarbeidning av planforslaget		x	x	x	x	x	x		
Politisk arbeidsgruppe		x		x	x	x	x		
Innvolering av styringsgruppa			x			x			
1.gongs handsaming av planforslag							x		
Høyring og offentleg ettersyn							x	x	

Formannskapet - 008/18

FS - behandling:

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til en politiske arbeidsgruppa:
Turid B. Njåstad (SP), Johannes Bysheim (AP) og Alf Terje Mortensen (FRP)."

Berit Moslett Borge, H, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til en politiske arbeidsgruppa:
Silje Midtbø Vevle (MDG), Johannes Bysheim (AP) og Alf Terje Mortensen (FRP)."

Det vart halde pause i drøftingane med gruppemøte for KRF frå kl. 17.20 - kl.17.21.

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Johannes Bysheim sitt framlegg: 4 røyster (1FRP, 2AP, 1SP)

Berit M. Borge sitt framlegg: 5 røyster (2KRF, 1H, 1V, 1MDG)

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek følgjande medlemmer til den politiske arbeidsgruppa:

Silje Midtbø Vevle (MDG)

Johannes Bysheim (AP)

Alf Terje Mortensen (FRP)

Formannskapet vedtek endringar i planprogrammet med nytt punkt i 4.1 Organisering, og endra framdriftsplan, punkt 4.3.

4.1: Politisk arbeidsgruppe

Formannskapet peikar ut 3 medlemmer frå Heradsstyret til den politiske arbeidsgruppa for områderegulering Lonevåg. Den politiske arbeidsgruppa skal ha god kjennskap til framdrift og utfordringar undervegs i planprosessen, gje råd til arbeidet, og vere bindeledd mellom rådmannen og styringsgruppa.

4.3: Framdriftsplan

OMRÅDEPLAN LONEVÅG	2017	2018			2019			
	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL
Oppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogram	x							
Vedtak av planprogram			x					
Medverknad eksternt	x							
Utarbeiding av planforslaget		x	x	x	x	x		
Politisk arbeidsgruppe		x		x	x	x		
Innverking av styringsgruppa			x			x		
1.gongs handsaming av planforslag							x	
Høyring og offentleg ettersyn							x	x

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Heradsstyret gjorde i møte 13.12.17 følgjande vedtak: *Til neste møte i formannskapet kjem rådmannen tilbake med ein modell for breiare politisk medverknad i prosessen. Ei arbeidsgruppa med tre representantar frå dei faste medlemmene i heradsstyret skal veljast i kommande formannskapsmøte. Denne arbeidsgruppa skal ha ei sentral rolle i den politiske medverknaden i prosessen med utarbeidninga av planen.*"

Bakgrunn

I planprogrammet som var til handsaming viste ein mellom anna til dette når det gjaldt medverknad:

For å få aktiv medverknad frå politikarar er det vurdert eit eige møte for heradsstyremedlemmer i etterkant av moglegheitsstudien med innhald som skissert over. I tillegg ser ein føre seg både møte på ungdomsskulen og med ungdomsrådet for å sikre at ungdommar skal kome til orde i planprosessen. Vidare er det lagt opp til 1-2 opne møter for ålmenta der lag og organisasjonar vert spesielt inviterte for å sikre at alle har høve til å kome med innspel på eit tidleg tidspunkt. Sentrumsforeininga og andre med nærings- og grunneigar interesser i Lonevåg sentrum vil også vere viktige for å sikre at også deira interesser vert høyrt i planprosessen. Ein ser difor for seg eit liknande møte som skissert over med dei. Oppsummert ser ein føre seg:

- 1 med Heradsstyret
- 1 med Ungdomsråd
- 1 dag på ungdomsskulen med ein klasse i samarbeid med skulen
- 1 med næringsinteresser/grunneigarar
- 1-2 opne møter der ålmenta samt lag, organisasjonar, eldreråd og rådet for funksjonshemma vert spesielt inviterte.

OMRÅDEPLA N LONEVÅG	2017	2018				2019			
		1 KVART AL	2 KVART AL	3 KVART AL	4 KVART AL	1 KVART AL	2 KVART AL	3 KVART AL	4 KVART AL
Oppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogra m	x								
Vedtak av planprogra m			x						
Medverknad eksternt		x							
Utarbeiding av planforslage t			x	x	x	x	x		
Innvolering av styringsgrup pa	x		x		x	x	x		

<i>1.gangs handsaming av planforslag</i>							x	
<i>Høyring og offentleg ettersyn</i>							x	x

4.1. Organisering s.19

Styringsgruppe:

Formannskapet vil som styringsgruppe kunne bidra til avklaringar om prinsipp for vidare arbeid undervegs i prosessen i høve til vesentlege vegval. Formannskapet vil også kunne gje råd og innspeil til rådmannen.

Vurdering

Roller og mandat – politisk arbeidsgruppe og styringsgruppe:

På bakgrunn av innspeil til planprogrammet, også frå offentlege styresmakter, vil det vere naudsynt å ta nokre vegval for tema som gjeld mellom anna flaum, skred og vegar som vil gje føringar for det vidare planarbeidet. Det same gjeld når ein skal vurdere korleis ein skal forhalde seg på ein overordna måte til lokalisering av td. barnehage og forholdet mellom Hatland og sentrum. Det vil då vere naudsynt med politiske avklaringar om desse viktige vegvala som gjev premissar til det vidare planarbeidet. Rådmannen vurderte i planprogrammet at styringsgruppa skulle involverast i dette, men ber no Formannskapet om å klargjere om dei ønskjer at dette skal skje gjennom den politiske arbeidsgruppa eller gjennom styringsgruppa. Rådmannen føresler at styringsgruppa framleis skal avklare viktige prinsipp for planarbeidet, medan den politiske arbeidsgruppa bidreg med råd og innspeil til rådmannen i planarbeidet. Den politiske arbeidsgruppa skal ha god kjennskap til framdrift og utfordringar undervegs i planprosessen og vere bundelegg mellom rådmannen og styringsgruppa.

Rådmannen ber om at Formannskapet klargjer kva rolle og mandat den politiske arbeidsgruppa skal ha i høve til styringsgruppa.

Omfang:

I høve til styringsgruppa såg rådmannen føre seg at møtene skulle ta utgangspunkt i dei formelle milepelane i planprosessen. Dette vil seie etter medverknaden, før vedtak av planprogram, før møte i planforum og før utlegging til 1.gangs høyring og offentleg ettersyn.

Ved oppretting av ei politisk arbeidsgruppe vurderer rådmannen at nokre av desse samhandlingane kan utøvast av den politiske arbeidsgruppa i staden for styringsgruppa. Rådmannen føresler difor at ein legg inn treffpunkt i tidsplanen som minimum innber møte i etterkant av medverknaden no i starten, før vedtak av planprogram, før ein møter i planforum med offentlege styresmakter og før 1.gangs høyring og offentleg ettersyn. Rådmannen ser føre seg minimum 4 møter med den politiske arbeidsgruppa i planprosessen før 1.gangshøyring, men dette er noko avhengig av kva avklaringar ein kan få gjort på overordna nivå etter medverknad i samband med moglegheitsstudien og høyring av planprogrammet.

Rådmannen vurderer at det kan vere vanskeleg å spesifisere så tidleg i planprosessen kor mange møter som er naudsynt. Rådmannen vil kome tilbake til styringsgruppa dersom det er behov for ei vesentleg auke i tal på møter med den politiske arbeidsgruppa.

Framdriftsplan for medverknad:

Rådmannen la i planprogrammet som var til handsaming fram eit forslag med Formannskapet som styringsgruppe der styringsgruppa skulle bidra med avklaringar om prinsipp for vidare arbeid i planprosessen i høve til vesentlege vegval gjennom heile planprosessen. Det var lagt opp til møter med styringsgruppa regelmessig og i forkant av politisk handsaming. Ein såg her føre seg at styringsgruppa ville gje råd og innspel til rådmannen om politiske vurderingar i høve til retningar for vegvala i planprosessen.

På bakgrunn av at Heradsstyret ønskte ei politisk arbeidsgruppe har rådmannen lagt inn framlegg til møter med den politiske arbeidsgruppa i tidsplanen for medverknaden (sjå under). Ved å legge inn møter med den politiske arbeidsgruppa så vil det vere lite tenleg å ha møter med styringsgruppa (FS) i same tidsrommet. Det vil då i hovudsak vere den politiske arbeidsgruppa som gjev styringssignal til administrasjonen i samband med planarbeidet. Desse møtene er lagt opp i samband med formelle steg i planprosessen. Det er vurdert at ein har møter i etterkant av opne medverknadsmøter for å drøfte dei innspela som er komne. Vidare er det naturleg å oppsummere merknadane som kom til planprogrammet før planprogrammet vert lagt fram for Heradsstyret til vedtak. Dette kan skje i same møtet.

Innhald:

Rådmannen har sett føre seg at både styringsgruppa og no den politiske arbeidsgruppa får ei sentral rolle i planprosessen. Gjennom møta skal ein kunne legge fram viktige strategiske problemstillingar som ein ønsker politiske synspunkt på. Slik kan ein samle opp ulike tema som skal leggjast fram i møte og gje politikarane høve til å gje råd til rådmannen på vegval som har betydning for den vidare planprosessen.

Dette inneber at ein kan dekke fleire tema på kvart møte og den politiske arbeidsgruppa kan bli

grundig involvert i kva avvegingar som ligg til grunn for rådmannen si tilråding til planframlegg når det skal handsamast, og til slutt vedtakast. Rådmannen kan også få konkrete tilbakemeldingar på kva synspunkt det politiske miljøet har. Slik kan ein sikre at ein frå politisk hald får grundig kjennskap til planframlegget og planprosessen samstundes som ein får gitt sine synspunkt undervegs i prosessen. Rådmannen vurderer difor at ein skal kunne sikre god medverknad frå politisk hald gjennom kvartalsvise møter.

Konklusjon

Rådmannen føresler at ein gjer følgjande endringar av planprogrammet som følgje av endring i organiseringa: Kursiv er eksisterande tekst i planprogrammet.

4.1. Organisering:

Styringsgruppe:

Formannskapet vil som styringsgruppe kunne bidra til avklaringar om prinsipp for vidare arbeid undervegs i prosessen i høve til vesentlege vegval. Formannskapet vil også kunne gje råd og innspel til rådmannen.

Nytt punkt: **Politisk arbeidsgruppe**

Formannskapet peikar ut 3 medlemmer frå Heradsstyret til den politiske arbeidsgruppa for områderegulering Lonevåg. Den politiske arbeidsgruppa skal ha god kjennskap til framdrift og utfordringar undervegs i planprosessen, gje råd til arbeidet, og vere bindeledd mellom rådmannen og styringsgruppa.

4.3 Framdriftsplan. Forslag til revidert framdriftsplan.

OMRÅDEPLA N LONEVÅG	2017		2018				2019			
	4 KVART AL	1 KVART AL	2 KVART AL	3 KVART AL	4 KVART AL	1 KVART AL	2 KVART AL	3 KVART AL	4 KVART AL	
Oppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogra m	x									
Vedtak av planprogra			x							

m								
Medverknad eksternt		x						
Utarbeiding av planforslage t			x	x	x	x	x	
Politisk arbeidsgruppe			x		x	x	x	
Involvering av styringsgruppa				x			x	
1.gongs handsaming av planforslag							x	
Høyring og offentleg ettersyn							x	x